



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 30.09.2022

Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedato: Onsdag 21.09.22

Møtetid: Kl.18.00 – kl.19.30

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor i samfunnshuset

Tilstades: Marit Tonning, Lars Petter Amundrud, Andreas Ester og May-Wenche Fossmark.

Fråfall: Veronica Vågen og Vidar Myren

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, kommunedirektør Ørjan Haram, kontor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Katarina Vattekar og postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Innkalling, sakliste og møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknader.

I følge sak 019/22 er det Lars Petter Amundrud som er referent på soknerådsmøtet i dag.

Meldingssaker

034 Soknepresten hadde ordet.

4 åringene skal få fire års boka på førstkomande søndag i kyrkja på hausttakkefesten. Det vert lese frå Markusevangelet, om jentas oppstandelse. Kor mykje skal vi informere barna om av innhaldet?

035 Postgjennomgang

Tom postkasse.

036 Idemyldring til stoff til Helgestunder

Tek oppatt saka i neste møte.

037 Flyktningar i Høyanger

May-Wenche orienterte. Pr dags dato har vi ikkje fått nokon tilbakemelding om folk som ynskjer å bruke kirka som samlingsplass.

038 Utlyste stillingar

Vi har ikkje funne aktuelle personar i høve tilsetting som kyrkjelydspedagog. Den søkjaren som fekk tilbod om kyrkjeverjestillinga, har trekt seg.

Vedtaksaker

029/22 Gudsteneste

Neste gudstjeneste er søndag 25. september kl 18.00. Det er hausttakkefest og Marit er kyrkjevert. Skal vi lage ein plakat om innhaldet i gudstjenesta?

Vedtak: Andres har laga ein plakat med eit passende bilete til neste gudstjeneste som vi har godkjent.

030/22 Kyrkjelydspedagog

Det vart ikkje tilsetting av kyrkjelydspedagog i denne omgang. Det vert ny utlysing våren 2023. Utvalet for trusopplæring ber sokna komme med innspel og tiltak. Trusopplæringa må uansett gå sin gang, og midlar er tilgjengeleg. Utvalet vil ha respons innan neste møte i fellesrådet som er den 29.09.22

Mykje har skjedd, mange intervju. Forandre litt på rammevilkåra på sstillingsannonsa som kyrkjelydspedagog, fordele stillingen på tre personer? Og 50/50 Førde og Høyanger? Heike fra Høyanger reiser til Oslo på trusopplæringskurs saman med to til.

Vedtak:

To ulike forslag til stillingsannonse.

Forslag 1: Utlyse stilling som kyrkjelydsarbeider i staden for kyrkjelydspedagog.

Forslag 2: Dele stillinga 50/50 mellom Sunnfjord og Høyanger, då som kyrkjelydspedagog.

031/22 Spørreundersøkinga i Høyanger sokn.

Rådsmedlemmene må finne ein dato til et ekstraordinært møte som passer samtlege.

Vedtak:

Forslag til ekstraordinært soknerådsmøte der alle skal være med er 19.10.22 eller 02.11.22.

Referent: Lars Petter Amundrud